



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjefylkesmann for handsaming av klage på dispensasjon for frådeling av hus 2 - Alver - (Lindås) - 121/1 - Lauvåssjøen

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 12.06.2020. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå § 1-8 i plan og bygningslova og LNF-formålet i kommuneplanen for ovanfornemnde tiltak.

Lindås kommune gav avslag på søknad om dispensasjon i vedtak datert 09.05.2019.

Vedtaket vart klaga på av Arkoconsult AS på vegne av tiltakshavar i brev mottatt 29.05.2019 og supplert den 13.06.2019.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune i møte den 30.10.2019, sak 109/19. Klagen vart tatt til følgje og det vart gjeve dispensasjon for frådeling.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 19.11.2020.

Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune handsama klaga i møte den 10.06.2020, i sak 087/20 og klaga vart ikkje teken til følgje. Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42, i brev av 14.05.2020.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning jf. [nye rutiner ved forsendelse av settefylkesmannsaker etter plan og bygningsloven](#)

Med helsing

Arve Meidell
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

ARKOCONSULT HOLDING AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Thore Knarvik	Knarvikgarden 71	5955	Lindås
Alver kommune	Havnevegen 41 A	5918	FREKHAUG